

Kråkevisa

Norsk folkevis

Arr.: Ingunn S. Hvattum

Man-nen han gjekk seg i ved - a-skog, hei - fa - ra i ved a-skog. Då

5 sat det ei krå-ke i lun-den og gol. Hei - fa - ra! Fal - tu - ril tu ral - tu - ra!

Mannen han tenkte med sjølv seg, hei fara, med sjølv seg:
Å dru no den kråka vil drepe meg? Hei fara! Faltu riltu raltura.

Og mannen han spente sin boge for kne, hei fara, sin boge for kne,
så skaut han den kråka så ho datt ned. Hei fara! Faltu riltu raltura.

Så sette han føre dei folane tolv, hei fara, dei foolane tolv,
då kørde han kråka på låvegulv. Hei fara! Faltu riltu raltura.

Så flådde han kråka og lema ho sund, hei fara, og lema ho sund,
ho vog innpå seksten og tjue pund. Hei fara! Faltu riltu raltura.

Av skinnet så gjorde han tolv par skor, hei fara, tolv par skor,
det beste paret det gav han til mor. Hei fara! Faltu riltu raltura.

Og kjøtet han salta i tunner og fat, hei fara, i tunner og fat,
og tunga den hadd' han til jolemat! Hei fara! Faltu riltu raltura.

Av tarmane gjorde han tolv par reip, hei fara, tolv par reip,
og klørne dei brukte han til møkkagreip. Hei fara! Faltu riltu raltura.

Og nebbet den brukt' han til kyrkjebåt, hei fara, til kyrkebåt,
så folk kunne ro både frå og åt. Hei fara! Faltu riltu raltura.

Og munnen den brukt' han til mala korn, hei fara, til mala korn,
og øyro dei gjord' han til tutarhorn. Hei fara! Faltu riltu raltura.

Av augo så gjorde han stoveglas, hei fara, stoveglas,
og nakken den sett' han på kyrkja til stas. Hei fara! Faltu riltu raltura.

Og hjartet det satt han på fiskekrok. Hei fara, på fiskekrok.
Og ingen har sett slik ein fisk han drog. Hei fara! Faltu riltu raltura.

Og da det ikke var meir å ta, hei fara, meir å ta,
så drok denne kar'n til Amerika. Hei fara! Faltu riltu raltura.

Og den som'kje kråka kan nytta så, hei fara, kan nytta så,
han er ikkje verd ei kråke å få. Hei fara! Faltu riltu raltura.